



## Møtebok for Klagenemda

**Møtedato:** 20.09.2017  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 11.45 - 12.10

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 12.09.17.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Varamedlem
Thomas H. Wallem	H	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Nils Marton Aadland	H
Sigmund Larsen	FrP

---

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Martin W. Kulild og personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen.

Protokollførar: Randi Hilland

22. september 2017

Øyvind H. Oddekalv  
ordførar

Randi Hilland  
konsulent

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
03/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
04/2017	Godkjenning av møtebok
05/2017	Klage på avslag på søknad om startlån

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		17/2080

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
03/2017	Klagenemda	PS	20.09.2017

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

#### Klagenemda - 03/2017

#### KLN - behandling:

#### KLN - samrøystes vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		17/2080

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
04/2017	Klagenemda	PS	20.09.2017

## Godkjenning av møtebok frå møte 22.02.17

### Vedlegg:

Protokoll - Klagenemda - 22.02.2017

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

"Møtebok frå møte 22.02.17 vert godkjent."

### Klagenemda - 04/2017

### KLN - behandling:

### KLN - vedtak:

"Møtebok frå møte 22.02.17 vert godkjent."

## Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kari Anne Iversen	FE - 252, TI - &02, FE - 033	17/2133

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
05/2017	Klagenemnda	PS	20.09.2017

### Klage på avslag på søknad om startlån

#### Vedlegg:

Søknad om startlån (L)(323830)  
Søknad om startlån til refinansiering (L)(326898)  
Klage på søknad om startlån (L)(333329)  
Klage på startlån (L)(336074)  
Vedrørende klage på avslag om startlån (L)(344300)

#### Saksopplysningar:

Kommunen har mottatt klage på søknad om startlån frå Thommy Haugen og Hanne Thorvaldsen, Ådlandsvegen 615A, 5918 Frekhaug (startlånssak 17/1629). Klagen er sett fram av Ole Aspen, Stavangerveien 1, 4313 Sandnes, som har fått skriftleg fullmakt til å opptre på vegner av klagar.

Alle startlånssaker i Meland kommune vert behandla i ei administrativ nemnd (Startlånsnemnda) men formelt vedtak vert fatta av NAV Meland. Klagen har vore handsama av NAV Meland/Startlånsnemnda som førsteinstans i saka. Klagen fekk der ikkje medhald og vart difor oversendt til den kommunale klagenemnda for endeleg avgjerd.

#### Faktaopplysningar i saka/gjeldssituasjon

Det går fram av søknaden per 08.06.17 at det vert søkt om kr 700 000 i startlån, event. «så stort lån som mulig». Føremålet med lånet er refinansiering av gjeld. Verdien på bustaden i Ådlandsvegen er vurdert til kr 2 800 000. Bustaden er nyleg seksjonert i to einingar, der klagar bur i seksjon nr 1 og mor til klagar i seksjon nr 2. Heile bustaden (begge seksjonar) heftar med gjeld på totalt kr 3 569 057. Kr 3 069 057 er sikra med avtalepant (1. og 2. prioritet), dei resterande kr 500 000 med utleggspant.

SR-bank har 1. prioritet i pant i bustaden med kr 2 769 057. Klagar og mor til klagar er solidarisk ansvarleg for gjelda. Meland kommune har 2.prioritet med kr 300 000. Denne gjelda heftar mor til klagar for, der klagar er realkausjonist. For utleggsgjelda heftar klagar åleine. Klagar har ein samla forbrukskjeld på kr 1 052 651.

Både Thommy Haugen og Hanne Thorvaldsen er i fast jobb. Familien sin samla brutto årsinntekt utgjer kr 680 000. I klagar sin seksjon er det ei utleige-eining som gir leigeinntekter på kr 6 000/mnd, netto kr 5 000. Det er to barn i familien, fødd i høvesvis 2008 og 2010.

Gjeldssituasjonen for seksjon 1 (klagar) og seksjon 2 (mor til klagar) er i nokon grad innvevd i

kvarandre. Mor til klagar ønskjer å låne opp sin andel for deretter å betale ut si hastegjeld. Ho kan få banklån til dette under føresetnad av at utleggspantet på hennar del vert sletta. Dersom dette lar seg gjere vil ho betale sin andel av SR-gjelda og heile lånet til Meland kommune. Det er likevel klagar og klagar sin totale økonomiske situasjon som må danne grunnlag for vurdering av både sjølvve enkeltvedtaket og klagen på dette.

Når klagar søker om startlån på kr 700 000, er dette for å refinansiere deira lån. Klagar ønskjer då å refinansiere utleggspantet på kr 500 000, samt ta opp eit tilleggslån på kr 200 000 for å refinansiere eit lån i Oppfinans på kr 349 000.

#### Innhaldet i klagen

I klageskrivet dat. 04.08.17 peiker fullmektig m.a. på at kommunen ikkje har sett fram reknestykke som viser klagar si beteningsevne. Det vert stilt spørsmål med SIFO (Statens institutt for forbruksforskning) sin budsjettmodell og at det frå forskar som har vore med å utarbeide modellen er peikt på ulike svake sider ved denne.

Det vert vidare peikt på at føremålet med startlånet ikkje er å auke gjelda, men at lånet i dette tilfellet skal nyttast til å rydde opp i alle dei sakene som gjer at eigedommen er overhefta. Startlånet vil ikkje bli nytta før det har kome i stand ein frivillig avtale med alle kreditorar. Det er også meininga at eigar av seksjon 2 skal kjøpe ut sin del og at dette beløpet skal nedbetalast som bustadlån. Fullmektig meiner då at kommunen vil ha tryggleik innanfor marknadsverdi av bustaden og at kriteria for startlån då er oppfylte.

#### **Vurdering:**

Innvilging av startlån er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova med klagerett etter fvl § 28. Når ikkje noko anna følgjer av særlov, er det den kommunale klagenemnda som er avgjerdsinstans. I Meland kommune er denne oppgåva etter vedtak i kommunestyret delegert til formannskapet. Klagen er sett fram i tide og oppfyller elles dei krava som forvaltningslova set til form og innhald. Alle opplysningar er godt dokumenterte i sakstilfanget.

Klageinstansen kan prøve alle sider av saka og også ta omsyn til eventuelle nye opplysningar.

#### Heimelsgrunnlaget

Startlånsordninga er regulert gjennom *Forskrift om startlån fra Husbanken*. Føremålet med ordninga er å bidra til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg egna bustad og halde på denne. Ordninga er behovsprøvd. Ved den kommunale tildelinga skal det leggjast vekt på om:

- det vert forventat at søker vil ha langvarige problem med finansiere eigd bustad.
- søker har nytta høve til sparing innanfor det økonomiske rommet som inntekter og nødvendige utgifter til livsopphald gir.

Søker må vidare ha evne til å betene lånet over tid og framleis ha nødvendige midlar att til livsopphald.

Det kan m.a. gjevast startlån i situasjonar der husstanden har barn eller har særlege sosiale eller helsemessige utfordringar, og omsynet til å sikre ein trygg, god og stabil busituasjon taler for tildeling. Det kan også gjevast tildeling dersom husstanden har problem med å dekke bu-utgiftene sine, og refinansiering med startlån kan bidra til at husstanden kan bli buande i bustaden sin.

Startlån frå kommunen skal sikrast med pant i bustaden.

#### Vurdering av klagen med grunnlag i kriteria i forskrifta

Dei kriteria som talar for tildeling av startlån i den aktuelle saka vil vere at familien har barn, at husstanden har problem med å dekke bu-utgiftene sine og at refinansiering med startlån kan bidra til at husstanden kan bli buande i bustaden sin.

Det er samstundes fleire problematiske sider ved saka. Det vil m.a. kunne stillast spørsmål ved om klagar vil ha evne til å betene lånet over tid, slik forskrifta set krav om. Sjølv om kommunen skulle innvilge eit lån for heile den usikra gjelda (kr 1 052 651), dvs. langt over omsøkt sum på kr 700 000, vil klagar gå i minus med kr 1 068 kvar månad. Dette er rekna ut med grunnlag i Husbankens låne- og livopphaldskalkulator. I denne kan ein samanstillje låneutgifter med inntekter og satsar for livsopphaldsutgifter, berekna av SIFO. Utrekninga gir eit berekna overskot eller underskot i samanheng med lån. Modellen viser alminnelege forbruksutgifter for ulike typar hushald og kva det kostar å leve på eit rimeleg forbruksnivå for det aktuelle hushaldet. Rådmannen finn ikkje fagleg grunnlag for å nytte andre modellar enn den som Husbanken sjølv har lagt ut.

Det vil vidare vere vanskeleg å oppfylle kravet i forskrifta om at lånet skal sikrast med pant i bustaden. Bustaden er i dag belånt med 93%, og rådmannen kan vanskeleg sjå at kommunen då vil ha sikkerheit for eit startlån.

Forskrift om startlån omhandlar bustadfinansiering. I klagesaka er høg forbruksgjeld og utleggspant viktige faktorar. Det kan då stillast spørsmål ved om refinansiering av rein forbruksgjeld ligg innanfor det som er meint å vere føremålet med startlånsordninga.

Rådmannen ser at klagar er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og at familien bør få hjelp til å kome seg ut av denne. Kommunen er kjent med at namsmannen i Nordhordland per 23.08.17 gjorde vedtak om gjeldsforhandling etter gjeldsordningslova. Etter rådmannen si vurdering vil dette vere ei riktigare løysing, - og for klagar også ei betre løysing enn innvilging av startlån.

#### Konklusjon:

Slik rådmannen ser det, har det ikkje kome fram opplysningar i klagen som tilseier at vedtaket i førsteinstansen bør omgjerast og vil såleis tilrå at klagenemnda ikkje tar klagen til følgje. Grunngevinga går fram av vurderinga.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka.

Miljø: Ikkje relevant i saka.

Økonomi: Det er gjort greie for dei økonomiske sidene i saksutgreiing og vurdering.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Klagen vert ikkje tatt til følgje. Grunngevinga går fram av vurderinga i saka. Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast»

## **Klagenemda - 05/2017**

### **KLN - behandling:**

Møtet vart lukka med tilvising til kommuneloven § 31.4.

### **Framlegg til endring av rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Grunngjevinga er at familien har fått innvilga gjeldsordning.

### **Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak med endring vart samrøystes vedteke.**

### **KLN – samrøystes vedtak vedtak:**

Klagen vert ikkje tatt til følge. Grunngjevinga er at familien har fått innvilga gjeldsordning. Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast.